

# Her får elevane løn medan dei går på vidaregåande

**SAUDA:** Som første videregående skule i Rogaland, vil Sauda VGS tilby «Yrkes- og studiekompetanse (YSK)».

**Tor Inge Jøssang**  
tor.inge.jossang@aftenbladet.no

– Etter fire år hos oss, kan elevane gå ut med både fagbrev og dei faga som trengst for å kome inn på ingeniørstudiet. Med Yrkes- og studiespesialisering (YSK) kjem ein altså ut med dobbel kompetanse. Dessutan får elevane løn under opplæringa, opplyser rådgjevar Hans Hysten Solberg.

Frå før har Sauda VGS andre unike studietilbod til dei 450 elevane, spesielt Toppvolley Norge, men også idrettsfag i alpinbakane, bygg og transportfag.

Til det nye YSK-studiet som startar opp til hausten, har skulen i indre Ryfylke gjort avtale om læreplassar ved Norsk Stein, som er Europas største pukkverk, samt smelteverket Eramet

Norway Sauda. Skulen er dessutan i ferd med å knyte til seg andre bedrifter i nord- og sørfylket, slik at elevane også kan få læreplass andre stader.

– I staden for å følgje skuleferiane, skal elevane følgje vanleg arbeidstid og feriar i arbeidslivet. I opplæringa vil dei kvar veke veksle mellom dagar i bedrift og på skule. Slik blir dei ikkje berre «papir-ingeniør», men fagfolk med mykje og relevant arbeidslivserfaring. Regjeringa har som mål at alle fylker skal kunne tilby dette – og i Rogaland er me dei einaste, opplyser rådgjevar Solberg.

### Sauda Campus

Dette er eit tilbod til alle ungdommar i Rogaland. Dei med læreplass andre stader kan pendle og bu på internatet Sauda Campus til ein pris blir dekka av bortebruarstipendet.

– På grunn av stort frafall – og for å få fleire i jobb, må Norge gjere noko med yrkesfaga. I Danmark ser ein at elevane under fagopplæring veksler mel-

lom skule og bedrift i større grad enn her. Den beste ordninga finn ein i Tyskland, der det er skule og bedrift annan kvar veke. YSK-tilbodet i Sauda har den same vekslinga. Det er truleg denne vegen det går med yrkesopplæringa her i landet i løpet av dei neste fem åra, og vi er heilt i front i Norge, seier Hans Hysten Solberg nøgd.

### Lettare å rekruttere

Eramet Norway Sauda ser svært positivt på initiativet for å etablere YSK i industribyen. Smelteverket har hard internasjonal konkurranse og treng godt kvalifisert arbeidskraft. Aldersprofilen i bedriften gjer at det trengs både fagoperatører og høgere teknisk kompetanse i årene framover.

Norsk Stein på Jelsa i Suldal blei etablert for 30 år siden og er Europas største produsent av knust stein. Dei produserte 11,1 millionar tonn og hadde 868 skipsanløp i 2017. 99 prosent blir eksportert og 220 personar er sysselsett. Verksemda har eit stort og aukande behov for inge-

niørkompetanse og held kontakt med NTNU i Trondheim. Men opplever at det er stadig vanskelegare å rekruttere personer med høg kompetanse utan lokal tilknytning. Pukkverket ser derfor fordelar med lokale YSK-elevar, som bedriften kan knyte tette band til i de fire skoleåra, halde

kontakten under vidare utdanning, til dømes med sommerjobb, og kanskje starte sin første jobb etter utdanning på Jelsa.


– Desse elevane vil vere verdifulle for oss både i dei fire YSK-skoleåra og i høve til rekruttering på lang sikt, uttaler produksjonsdirektør Odd Hotvedt.



Til det nye YSK-studiet som startar opp til hausten, har skulen i indre Ryfylke gjort avtale om læreplassar ved smelteverket Eramet Norway Sauda. © TOMMY ELLINGSEN

## Aftenposten Junior

# Hele Norges avis for barn og unge



Få første måned for 1 krone

Det er spennende å lære om nye ting i Aftenposten Junior. Jeg liker å se hva som skjer i verden.


Mari, 8 år, Nittedal

I aviser for voksne er det vanskelig tekst og ukjente ord og artikler. Aftenposten Junior er for barn og det gjør det lettere å forstå.

Mathea, 11 år, Bergen



Vi har tilbud frem til 31. januar



Bestill på [aftenpostenjunior.no](http://aftenpostenjunior.no)

Etter første måned løper abonnementet til kr 159,-/mnd.